

MØTEPROTOKOLL BARN OG UNGES KOMMUNESTYRE

Møtestad: Hå rådhus
 Dato: 15.11.2022
 Tidspunkt: Kl 09:00 - 12:30

Innkalling: Godkjent
 Sakliste: Godkjent
 Merknader: Ingen

Møtenotater:

Skule	Elevar
Bø skule (5.-7. trinn) Lærer: Ina Elisabeth Bøgh Vigre	Tobias Versland Nærland Lucas Bjorland
Høyland skule (5.-7. trinn) Lærer: Toril Øgreid	Leonora Stenberg Edvard Slettebø Grete-Marie Bekkeheien
Motland skule (5.-7. trinn) Lærer: Lise Lorraine Gudmestad	Nora Berge Emilie Solberg Brage Torland
Nærbø ungdomsskule (8.-10. trinn) Lærer: Liljiana Bajerciene	Torben Ueland Håland Kristian Sele Kvia Tord Gravdal
Ogna skule (5.-7. trinn) Lærer: Kari Ueland	Serina Fuglestad Arian Qvalbein Gaudre Stasytyte
Ogna skule (8.-10. trinn)	Oline Stokkeland Mathilde Hegrestad Oline Hegrestad
Tryggheim ungdomsskule (8.-10. trinn) Lærer: Morten Nord-Varhaug	Sine Pommeresche Linnea Unhammer Lenita Refsnes Vigre
Varhaug skule (5.-7. trinn) Lærer:	Dagfrid Skrettingland-Haarr Lisa Håland Nedrebø

Ingunn Høiland	Eskil Tjensvoll
Varhaug ungdomsskule (8.-10. trinn) Lærer: Kris Georgsen	Rebekka Håland Benjamin Skeie Hølland
Vigrestad storskule (5.-7. trinn) Lærer: Kjell Ove Særheim	Lykke Tønnessen Klippenberg Leander Andersen Hølland Kevin Monteiro Marinho Riley
Vigrestad storskule (8.-10. trinn)	Liva Mattingsdal Ulekleiv Ida Amalie Skårland

Barn og unges kommunestyre 2022



Foto: Sunniva Ueland

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/22	Møteplassar for alle
005/22	Budsjett 2023 - orientering til Barn og unges kommunestyre
002/22	Korleis kan me gjera Nærbøparken meir attraktiv for dei unge?
004/22	Spørsmål til ordføraren BUK 2022
003/22	Fordeling av midler BUK 2022

001/22: Møteplassar for alle

Elevråda frå kvar skule presenterer sine idear.

15.11.2022 Barn og unges kommunestyre

Møtebehandling:

Kvar skule presenterte sine innspel til saka om: *Møteplassar for alle*.

Kva er ein god møteplass?

Kva møteplassar brukar de i dag?

Korleis skapa gode møteplassar innandørs og utandørs som passar for alle i alle aldrar?

Bø skule ved Elisa Bø: Nærbøparken er ein god møteplass.

Høyland skule ved Leonora Stenberg: Parken.

Nærbø ungdomsskule ved Kristian Sele Kvía: Plasser med tak der ein kan sitja. Plassar me kan få eller kjøpa mat og drikke. Plassar der det er mogleg å kobla seg på internett.

Motland skule ved Nora Berge: Ein god møteplass er for eksempel parken.

Ogna skule: I dag bruker me møteplassar som bensinstasjonar, matbutikkar, ballbinger, idrettshallen, barn i juli og i grillhytter på Ogna.

Tryggheim ungdomsskule Linnea Unhammer: Ein plass der me kan møta folk, kjøpa mat og drikke, gjer forskjellige aktivitetar, plasser med tak over.

Varhaug skule ved Dagfrid Skrettingland Haarr og Lisa Håland Nedrebø: I dag bruker me Iden (idrettslaget), misjonshuset, matbutikkar og utanfor rådhuset. Eit forslag kan være ein kafè nærme sentrum som er open for alle aldre og med leikeplass utanfor.

Varhaug ungdomsskule ved Rebekka Håland og Benjamin Skeie Hølland: Viktig med ein trygg plass der me kan føla oss velkomne, ein plass med nok sitjeplassar og ein plass me kan kjøpa mat. I dag bruker me misjonshuset, Iden og løå.

Vigrestad storskule (5-7 og 8-10) ved Liva Mattingsdal Ulekleiv og Ida Amalie Skårland : På grunn av mangel på møteplassar, møtes me på matbutikkar og kioskar. Ein god møteplass er ein plass me kan setta oss ned, kjøpe eller få mat og drikke. Det er òg viktig med orden og struktur slik at det ikkje er nokon som lagar bråk, at det er ein plass me kan vera trygge, slappe av, nok sitjeplassar og moglegheit for å gjera aktivitetar, som biljard. Ein park hadde vore kjekt.

BUK- 001/22 Vedtak:

Elevråda frå kvar skule presenterte sine idear og innspel.

005/22: Budsjett 2023 - orientering til Barn og unges kommunestyre

Saka blir tatt til orientering

15.11.2022 Barn og unges kommunestyre

Møtebehandling:

Økonomisjef Bente C Iversen hadde ei orientering.
Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteke.

BUK- 005/22 Vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

002/22: Korleis kan me gjera Nærbøparken meir attraktiv for dei unge?

Barn og unges kommunestyre føreslår følgande

15.11.2022 Barn og unges kommunestyre

Møtebehandling:

Kva skal til for at de får lyst å gå i ein park?

Opent, nok lys slik at me ser at det er trygt.
Renska opp gamle fjører og "fuglalort".
Fleire og betre sitjeplassar, både med tak over og utan.
Tilgjengelege toalett.
At kafeen er open lenger slik at me kan kjøpa mat og drikke på ettermiddagane og på kveldstid.

Har de nokre idear til kva som kunne blitt gjort i Nærbøparken slik at det blei spennande for de som er unge?

Dei fleste var einige i at det blir gildt med jul i parken, og at det er gildt at det skjer noko i parken. Nokon hadde ikkje fått med seg dette, og etterlyste meir informasjon om kva som skjer i parken. Dersom det er arrangement på facebook, er det enklare for ungdommar å få det med seg.

Andre forslag til kva som kunne blitt gjort i Nærbøparken:

Ei skummel Halloween-løype gjennom parken.
Treningsapparat, treningsløype, klatrestativ.
Fleire tradisjonar som jul i parken, som for eksempel somerpark, halloween-park.
Leikeplass, volleyballbane, zipline, minigolf, sklie og rampe.
Gapahuk til grilling, der me kan sitte under tak.
Basketballbane, ballbinge, klatreløype i trea.
Aktivitetstilbod for unge, noko opplegg for ungdommar.

BUK- 002/22 Vedtak:

Barn og unges kommunestyre foreslår følgende.

004/22: Spørsmål til ordføreren BUK 2022**15.11.2022 Barn og unges kommunestyre****Møtebehandling:**

Kvar skule framførte sine spørsmål.

Spørsmål**Varhaug skule:**

- Kan me få busskur på Elgane og fleire busstopp langs skulevegen?

Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara:

Dette er ein fylkesveg. Det er fylkeskommunen (Kolumbus) som organiserer skuleskyssen. Skyssansvarleg på skulen kan melde inn ønskjer om busstopp og busskur. Fylkeskommunen vurderer og bestemmer ut frå sine kriterier.

- Kan me få frisbeegolfbane ein meir øde plass på Varhaug, utanom åna, bilar eller personar som går tur?

Kommunalsjef Jan Gunnar Mattingsdal svara:

Ingen planer for dette nå, men dersom det blir avsatt midler til dette så er det mulig å se på.

- Kan leikeplassane på Varhaug bli oppgraderte?

Kommunalsjef Jan Gunnar Mattingsdal svara:

Dette året har ballbingen ved Varhaug skule fått nytt dekke og i fjor blei større områder oppgradert i samband med nybygget på skulen. Det er ingen andre planer om oppgradering foreløpig.

- Det manglar lys på fleire stader på Varhaug. Blant anna misjonshuset, i Kråkevegen, Ånestadvegen og fleire småvegar.

Ordføreren svara:

Lys er med på å gjera det trygt å vera ute om kvelden. Det kjennest tryggare når det er gatelys. Samtidig kostar det å setja opp gatelys, og dei bruker straum når dei står på. Nye gatelys bruker mindre straum enn gamle. Så er det slik at ulike instansar har ansvar på ulike plasser. Større vegar har Rogaland fylke ansvar for. Småvegar og mindre gater har kommunen ansvar for. Parkeringsplassar, slik som ved Misjonshuset, her den som eig plassen ansvar for.

Når politikarane lagar budsjett, vert det sett av litt pengar til gatelys. Ikkje så

mykje, for det er så mange andre ting vi kjenner vi må bruka pengane på. Frå tid til tid lagar politikarane ei liste over kor dei meiner det er viktigast å få til gateløys. Eg veit at dei planlegg å gjera det ein gong til våren. Då vert gjerne innbyggjarane invitert til å koma med innspel. Då må de koma med innspel om dei gatene som dei meiner bør prioriterast høgast.

- Kan me få basketballkorger inne på Iden?

Ordføraren svara:

Iden er det idrettslaget som eig. Det betyr at det er dei som både bestemmer kva som skal gjerast og som kjøper det utstyret som trengst. Så er det ordningar som gjer at kommunen hjelper til, men de må ta dette med Varhaug Idrettslag.

- Kan me få meir søppeldunkar og dunkar til avfallsortering på Varhaug?

Kommunalsjef Jan Gunnar Mattingsdal svara:

Veldig dyrt. Og noen ganger blir det mer søppel av det. Vi har søppeldunker i alle bygder og i utvalgte turområder.

- Kva tenkjer de om leksefri skule?

Skulesjef Rune Roaldsen svara:

Lekser var ein viktig sak på sist BUK og var til politisk behandling hos utval for opplæring og kultur, ungdomsrådet og kommunestyret etter det. Det er gode grunner både for og mot lekser. Til saka såg me på kva forskinga seier og me hadde felles arbeid med rektorane. Me skreiv og om at alle skulane har lekser i dag.

Konklusjonen då var at kommunestyret tok teksten om lekser til orientering. Kommunen er ikkje for eller i mot leksefri skule, men tenkjer at lekser er bra fordi det kan gje betre læring ved repetisjon eller djupnelæring. Ein blir ein betre lesar og øver opp gode arbeidsvaner. Lekser gjev og foreldre eit innblikk i korleis det går med lærings og utviklinga dykkar.

Det er viktig at lekser blir gitt på ein god måte slik at de heng godt saman med arbeidet på skulen. Det må heller ikkje vere for vanskeleg slik at det blir stress og konflikter heime. Lekser skal ikkje ta for mykje av fritida dykkar. Lekser er ein god sak å drøfte i klassen, i elevråd og FAU slik at det er ein god felles forståelse hjå lærarar, elevar og føresette. Dersom de på ein skule er einige om å prøve ut leksefri skule har de lov til det.

- Trur de at kommunen nokon gong vil prioritera symjebasseng på Varhaug?

Ordføraren svara:

Det ærlege svaret er nei. Det kostar mykje både å byggja og å driva eit byggjebasseng. Vi kan ikkje ha basseng i kvar stasjonsby. Bassenga på Nærbø og Vigrestad begynner å verta gamle, så det er meir aktuelt å gjera noko med dei enn å sjå føre seg eit nytt basseng på Varhaug. Beklagar.

- Korleis ligg det an med sentrumsutbygginga på Varhaug? For eksempel kjøpesenter? Kafe? Starbucks?

Ordføraren svara:

Det er laga ein sentrumsplan for Varhaug. Der er det sett av plass til næringsvirksomhet i første etasje når det skal byggjast i setrum. Det er ikkje kommunen som skal byggja. Det vil vera utbyggjarar som skal byggja det dei trur vil koma til å svara seg av forretningar og leiligheter. Eg tenkjer det er meir

aktuelt med kafé enn det er med kjøpesenter på Varhaug, men det kjem an på kor mange folk som bur her, og kor flinke folk er til å bruka dei butikkane som vert etablert på Varhaug.

- Kan uteområdet på ungdomsskolen fikses?

Skulesjef Rune Roaldsen svara:

Ja, i samarbeid med skulen og elevrådet foreligger det planer for oppgradering av uteområdet ved skulen. Oppstart er ikke fastsatt, men dette kommer.

- Kva gjer kommunen med sjeggkrea på skulane?

Skulesjef Rune Roaldsen svara:

Skjeggkre er ikke så stort problem lenger som det var før og det rapporteres sjeldnere enn før. Oppdages det skjeggkre må rektor varsles og kommunen får eget firma på plass for å fikse dette.

Vigrestad storskule:

- Tidlegare har det vore lov å få bruke mobilar på ungdomstrinna på Vigrestad Storskule. Det har me ikkje lenger lov til. Kva kan me gjere for å få lov til dette? Har rådhuset noko å seie her eller er det opp til kvar enkelt skule?

Skulesjef Rune Roaldsen svara:

Det er politikarane i utval for opplæring og kultur som har bestemt ordensreglane for kommunen. I §4 Åtferd står det at elevane ikkje skal bruke mobil eller anna privat utstyr i skuletida, dersom ikkje anna er avtalt med skulen. Dersom de vil gjere noko med reglane så er det å prøve å påvirke gjennom elevrådsarbeid.

- Kva skal til for at me kan få varm mat i kantina?

Skulesjef Rune Roaldsen svara:

Me har ein skulebruksplan, den seier at me vil ha kantine på skulane våre, men den seier ikkje noko om servering av varme måltid. For at ein skule skal kunne servere varme måltid så må dei ha godt nok utstyr og personale til å lage og servere. Dette er dyrare enn brødmåltid, og derfor har ikkje alle skulane dette. Det er rektor som bestemmer dette på sin skule. Ein god måte å påvirke er gjennom elevrådsarbeid.

- Kan skulane i Hå få meir pengar til forbetringar? Då tenkjer me både på nytt utstyr, men også meir til viktige ting som frukt.

Kommunestyrerepresentant Svein Arve Nygård (FrP) svara.

- Korleis er skulesituasjonen på Vigrestad nå etter siste budsjettmøte? Er ny skule på Vigrestad heilt uaktuelt?

Ordføraren svara:

Politikarane har så langt sagt at dei vil det skal byggjast ny skule på Vigrestad. Dei har til og med sagt at dei vil byggja den oppe med storskolen. Så veit vi at det går nokre år før ein bestemmer seg for å byggja til ordføraren kan klyppa snora. Det tek tid å planleggja, både vegar rundt, plassen som skal brukast, korleis bygningane skal vera, og mykje meir.

Vidare må det finnast pengar. Politikarane må bestemma kor mykje dei er villige til å låna. Dei alle fleste av dykk, kanskje alle, som går på Vigrestad storskule nå, vil nok vera ferdige med skulen før ny Vigrestad skule vert ferdig. Men jau,

ny skule er aktuelt.

Motland skule:

- Me på Motland skule er veldig glade for å ha parken til nabo og den blir mykje brukt av alle trinn i undervisning. Hadde det vore mogleg å få eit tak over eit område i parken slik at med kunne brukt det endå meir til undervisning? Slik været er her, kan me ikkje gjer det om det ikkje er fint vær. Området med tak kunne òg blitt brukt av andre som bruker parken.

Svar: Det foreligger ingen planer om dette nå.

- Kva tenkjer ordføraren om planane Nærbø idrettslag har for ny håndballarena i Loen?

Ordføraren svara:

Vi har mange gode idrettslag i kommunen. Vi har gode folk, med gode planar, og med vilje og evne til å få til heilt fantastiske idrettsanlegg. På Nærbø er det slik som eg sa om Iden på Varhaug: det er idrettslaget som eig og som bestemmer.

Nærbø idrettslag har begynt å arbeida med spenstige planar. Hå kommune vert og involvert, både fordi dei tenkjer å bruka deler av tomta der ungdomsskulen står, og fordi vi har ei ordning i kommunen der kommunen betalar ein del av det nybygg kostar.

Eg tenkjer at dei skissene som er presenterte er skikkeleg interessante, men at det er ganske mange ting som må avklarast før spada – eller grabben – kan setjast i jorda. Det er og snakk om så mykje pengar at det er eit heilt arbeid å finna ut om idrettslaget greier å skaffa nok pengar til eit så flott anlegg. Men eg heiar på både håndball-laget og på alt det andre arbeidet som vert gjort i idrettslaget.

Ogna skule:

- Har kommunen nokon reglar for kva ein kan servera i kantina, t.d. sjokomelk eller ha med som drikke heimanfrå (iste, iskaffe....)?

Skulesjef Rune Roaldsen svara:

Dette er ikkje omtalt kommunen sine ordensreglar, men Helsedirektoratet har anbefaling om at skole/SFO bør ikke tilby drikke som bidrar til barns inntak av tilsatt sukker, drikke tilsatt søtstoff, eller koffeinholdige drikker. Det er skulane som sjølv bestemmer kva reglar som gjeld dei sjølv.

- Kva gjer kommunen for å spare straumgifter?

Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara:

Kommunen har sett på mange tiltak som kan iverksettes. Blant annet å senke temperaturen i klasserommene og at alle hjelper til med å slå av lysene i rom som ikke brukes.

Det er laget en egen orienteringssak til politikerne hvor kommunedirektøren beskriver de forskjellige tiltakene som han ønsker å gjennomføre. Saken kommer også opp i Ungdomsrådet.

- Før låg kommunehuset på Brusand. Når blei det flytta og kvifor?

Ordføraren svara:

I 1964 vart kommunane Ogna, Varhaug og Nærbø slått i hop til ein ny kommune; Hå kommune. Då hadde vi tre kommunehus, eit på Nærbø, eit på Varhaug og eit på Ogna, men vi skulle ikkje ha meir enn eitt. Nokre sa då at det var mest folk på Nærbø, så kommunehuset der burde brukast. Andre sa at Varhaug ligg meir i midten, så vi bør bruka det. Etter ganske mykje kamp og strid, bestemte kommunestyret seg for å bruka det som låg mest i midten. Difor har eg kontor og vi kommunestyresal på Varhaug i dag.

Bø skule:

- Ønske: kan kommunen lage til/ bygge pumptrack (sykkelløype for BMX eller liknande sykklar) i Pyttaskogen? Dette må vere i kombinasjon med at folk kan gå tur der som no.

Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara:

Først må vi vere sikre på om det er kommunen som er grunneigar. I Hå er det som regel ikkje kommunen som bygger idrettsanlegg. Vi bør difor utfordre eit idrettslag eller eit vellag. Det har blitt gjort med pump track banen på Vigrestad. Dei som vil bygge ein slik bane, vil kunne få spelemidlar frå staten og økonomisk støtte frå Hå kommune.

- Kva gjer politikarane/ kommunen for å hjelpe folk/ familiar no som økonomien er hard og vanskeleg for mange?

Ordføraren svara:

Hå kommune har eigentleg ikkje anledning til å gjera så mykje. Kommunen har ikkje andre pengar enn dei som var tiltenkte til å driva skule for, barnehage, sjukeheim, heimesjukepleie osv. Staten hjelper til med straumstøtte fordi straumen har vorte så urimeleg dyr. Kommunen har i oppgåve å yta pengestøtte til dei som ikkje har dei heilt nødvendige pengane til mat og husrom. Vi kallar det sosialstønad, og det er tydelege reglar for kven som kan få slik støtte. Kan hende er det fleire folk og familiar som treng slik støtte nå. Då må kommunen bare finna dei pengane som skal til. Men Hå kommune har ikkje meint at det er rett å ta vekk lærarar, sjukepleiarar eller reinhaldarar for å dele ut pengar til familiar flest, sjølv om vi veit at mange har det trongare enn før.

- Kan me få leksefri i Hå?

Skulesjef Rune Roaldsen svara:

Alle skulane i Hå har lekser i dag. Då saka om leksefri var oppe i kommunestyret ville dei ikkje bestemme for skulane, men tok informasjonen om lekser til orientering. Det er derfor skulane sjølv som bestemmer kva praksis dei skal ha med lekser.

Tryggheim ungdomsskule:

- Elevene våre synes det høres spennende ut med Nærbøparken (tidligere fugleparken) og vi har noen forslag (som du sikkert alt har hørt). Men vårt spørsmål er som følger: Hvilke tanker har kommuneledelsen om fremtiden med Nærbøparken?

Ordføraren svara:

Nærbøparken er ei perle. Påfuglane og dei mange endene var eit kjennemerke i mange år. På grunn av smittsomme fuglesjukdommar skal det ikkje lenger vera tamme fuglar i parken. Utbrudd av for eksempel fugleinfluensa er så store i landets største husdyrkommune, at vi kan ikkje ha tamme fuglar i parken lenger.

Men parken skal vera eit rekreasjonsområde folk folk, både dei på Nærbø og andre som vil bruka det nesten 40 mål store området til tur eller avslapping. Så har vi bestemt oss for å begynna ein tradisjon dette året. Juleparken. Juleparken skal vera eit lyspunkt i den mørke vintaren. Eit kulturarrangement og lysshow i inngangen til adventstida. Eit arrangement for alle som bur i Hå, eller heile Jæren for den del. Vert det suksess dette året, vert det fort ein tradisjon.

Varhaug ungdomsskule:

- Fortau på Varhaug ved Felleskjøpet. Det mangler fortau der ved Felleskjøpet til friområdet.

Kommunalsjef Jan Gunnar Mattingsdal svara:

Ser ikke helt hvor dette mangler. Dersom det er ment fotgjengerfelt så er vi veldig skeptiske til å etablere dette da det i mange tilfeller kan være farligere enn uten.

- Flere søppeldunker i nærområder slik at vi kan kaste søppel når vi er ute og leker.

Kommunalsjef Jan Gunnar Mattingsdal svara:

Rådhuset, langs Brattlandsåna. I sentrumsområder og i utvalgte turområder.

- Når blir byggeprosjekt med jernbanen ferdig?

Ordføreren svara:

Som eg sa i svaret til Varhaug skule, er det kommunen si oppgåve å leggja til rette og å lage planar. Det er andre som skal byggja, bu og driva forretning på denne plassen.

Vi reknar med at det fort kan gå ein del år før det vert bygt på denne flotte tomta, så kommunestyret har bestemt seg for å bruka det som ein park fram til det vert aktuelt å byggja det ut. Neste vår skal det koma utstyr, sitjegrupper og litt leikeutstyr på plass, og så får vi sjå kor fort nokon vil byggja og utvikla både tomta ved jernbanen og den opne plassen nord for kommunehuset.

Nærbø ungdomsskule:

- Kvifor er me ein av kommunane i landet som brukar minst pengar per elev?

Ordføreren svara:

Det er rett at Hå kommune bruker forholdsvis lite pengar per elev samanlikna med naboskulane. Eg skulle ønska at vi kunne bruka meir. Men svaret mitt må verta nokonlunde det same som eg gav til Vigrestad. Inntektsnivået til folk i Hå er på 81% av gjennomsnittet i landet. Så har Staten ei utjamningsordning som gjer at vi får pengar av dei kommunane som har høgast inntekter, men det er ikkje nok til at vi har råd til å bruka særleg mykje meir på skule. I så fall må vi henta pengane frå anna arbeid vi gjer, så som heimehjelp, sjukeheim eller anna.

- Kvifor må elevane gå ut med søppel?

Kommunalsjef Waldemar Pettersen svara:

Det er slik at det er me som bruker dei kommunale bygga som har ansvar for å gå ut med både papiravfall og organisk avfall. Det gjeld både elevar og tilsette.

Reinhaldarane har ikkje tid og moglegheit til å gjere dette, da vil me i tilfelle måtte tilsette fleire reinhaldarar, noko som krever at me bruker meir pengar på dette.

Kvifor får ikkje skolen pengar til å lage eit bedre utemiljø?

Ordføraren svara:

Svaret på kvifor vi brukar mindre per elev gjeld også her. Vi må så bestemma oss for kva vi skal bruka dei pengane skulane i Hå kan få til. Politikarane har bestemt å bruk noko meir til uteområde enn tidlegare år, så vi får tru at det vert litt betre i alle fall.

BUK- 004/22 Vedtak:

Alle spørsmåla som elevane hadde sendt inn til BUK, blei besvart.

003/22: Fordeling av midler BUK 2022

15.11.2022 Barn og unges kommunestyre

Møtebehandling:

Bø skule fremja følgjande forslag:

"Dele pengane. Kvar skule stemmar fram ein gild aktivitet f.eks. filmstund m popcorn eller liknande".

Høyland skule fremja følgjande forslag:

"Elevane på Høyland skule ønskjer at dei 60 000 kr skal fordelast på skulane".

Motland skule fremja følgjande forslag:

"Motland ønskjer å fordele pengane på dei ulike skulane. Etter at det har vore korona har me ikkje gjort så mykje saman heile skulen. Derfor ønsker me å ha eit arrangement på skulen, kanskje med litt god mat".

Nærbø ungdomsskule fremja følgjande forslag:

"Elevane på Nærbø ungdomsskule ønsker at dei 60 000 kr skal fordelast på skulane".

Ogna skule (samla)

"Elevane på Ogna skule ønsker at kr 60 000,- skal delast på dei 3 ungdomsklubbane i Hå".

Tryggheim ungdomsskule

"Elevane på Tryggheim ungdomsskule ønsker at kr 60 000,- skal fordelast på skulane"

Varhaug skule

"Elevane på Varhaug skule ønsker at kr 60 000,- skal fordelast på elevtall på skulane".

Varhaug ungdomsskule

"Elevane på Varhaug ungdomsskule ønsker at kr 60 000,- skal gå til eit veldedig formål".

Vigrestad storskule (samla)

"Elevane på Vigrestadskulane ønsker å gje kr 60 000,- til ein organisasjon som har formål om fritidstilbud for barn og unge".

Barn og unges kommunestyre tok eit gruppemøte for å diskutera dei ulike alternativa.

Møtet tok til att.

Vigrestad og Ogn skule bad om gruppemøte, som blei halde.

Barn og unges kommunestyremøte (BUK) einast om 3 forslag til kva kr 60 000,- skal gå til:

Forslag 1. *Fordela kr 60 000,- på dei 3 ungdomsklubbane i Hå.*

Forslag 2. *Gje kr 60 000,- til eit veldedig formål - Kreftforeninga.*

Forslag 3. *Kr. 60 000,- skal fordelast på skulane i Hå.*

Ordføraren førslo for BUK å halda ei prøverøysting. Dette blei gjort og resultatet blei:

Forslag 1 fekk 17 røyster

Forslag 2 fekk 6 røyster

Forslag 3 fekk 7 røyster

Ordføraren bad BUK om at prøverøystinga kunne vera den reelle røystinga, då det kom så klart fram kva forslag som fekk fleirtal. BUK slutta seg til ordføraren si tilråding.

Forslag 1 Fordela kr 60 000,- på dei 3 ungdomsklubbane i Hå.

BUK- 003/22 Vedtak:

Barn og unges kommunestyre (BUK) har vedteke å fordela kr 60 000,- på dei 3 ungdomsklubbane i Hå kommune.